

# Grovforsituasjonen

Rogaland sau og geit ser at det vil bli ei utfordring for mange sauebønder i haust og vinter angående forsituasjonen. Mange vil spare på 3 slåttene til grovfôr, framfor å beite lamma på den dyrka jorda.

Me vil minna om å være bevist på at ein ikkje tøyser grensa og slaktar lam som ikkje når kvalitetstillegget, men vere obs på dette og heller prøve med fiberrike kraftfôr for dei som ikkje held til slakt.

Ein vil gjera oppmerksom på at hausten i år vil krevja ekstra oppmerksomhet frå oss som sauebønder og at ein må passa godt på å få eit rett hald på dyra våre.

Dersom veret er lageleg, kan det kanskje vere lurt å klippe sauene tidleg medan temperaturen er høg. Det er kanskje også det året det er særst viktig å vite næringsinnhaldet i grovfôret ein brukar og kan nok svare seg med forprøver.

Vil igjen minna om at dersom ein ser seg nøyd å redusera på livdyra, sparer flest mogleg vaksne dyr og set på færre lam dette året.

For styre i Rogaland sau og geit

Håvard Helgeland

leiar